



Møtebok for Ulvik fjellstyre

Stad: Møterom hjå Hardanger Energi, Ulvik
Dato: 21.02.2023
Klokkeslett: 18:00 – 21:30

Tilstades på møtet

Medlemer:

Knut Sygnestveit, Stig Yngve Røkenes, Atle Ulgenes, Kåre Olai Solheim,
Johannes Sponheim

Sekretær:

Ole Rune Røkenes

Saker til styremøtet:

01/23: Meldingar

02/23: Årsmelding 2022

03/23: Rekneskap 2022

04/23: Budsjett 2023

05/23: Utsett av fisk i Ulvik statsallmenning

06/23: Utvida periode for garnfiske i Langavatnet, Ulvik SA

07/23: Garnfiskekort i Langavatnet, utanbygdsbuande, Ulvik SA

08/23: Villmarksleir 2023

09/23: Aktivitetsplan 2023

10/23: Eventuelt

Publisert 25.02.2023.

Underskrifter

Me stadfestar at møteboka er rett:

Knut Sygnestveit/s/

Stig Yngve Røkenes/s/

Atle Ulgenes/s/

Kåre Olai Solheim/s/

Johannes Sponheim/s/

Kopi til:

- Fjellstyremedlemmer
- Varamedlemmer
- Fjellstyra på Hardangervidda as
- Fjellstyra kring Hardangervidda
- Statskog SF, Storgata 64 A, 2609 Lillehammer

01/23: MeldingarSaksdokument:

Postjournal:

- 2022.12.08-001.5. Hard.vidda villreinutval - Brev til ordførere i kommuner på Hard.vidda-Tiltak for å redusere forstyrrelse av villrein 2023.
- 2022.12.08-001.5. Hardangervidda villreinutval - Rapport frå Statens natuoppsyn etter villreinjakta 2022.
- 2023.06.01-612.9. Statens natuoppsyn - Instruksar for SNO ifm oppfølging av skrantesjuka på Hardangervidda og Nordfjella villreinområde
- 2023.10.01-612.9. Hardangervidda villreinutval - Spørreundersøkelse cwd og bestandsforvaltning på Hardangervidda
- 2022.10.01-434.4 Helge Sygnestveit. Søknad om skuter-transport i Ulvik statsallmenning, vinter 2023
- 2023.12.01-621.5. Statens natuoppsyn - Årsrapport rovvilt Vestland
- 2023.18.01-434.4 Ulvik fjellstyre. Innvilga søknad om skuter-transport i Ulvik statsallmenning, vinter 2023. Helge Sygnestveit
- 2023.20.01-612.9. Hardangervidda villreinutval - Rapport om cwd-overvåkning.
- 2023.20.01-434.4 Ulvik fjellstyre - Uttale vedr søknad om skutertransport Osafjellvegen - Rembesdalen, vinter 2023. DNT v/Sondre Syse
- 2023.25.01-434.4 Ulvik herad - Løyve til skutertransport Osafjellvegen - Rembesdalen, vinter 2023. DNT v/Sondre Syse
- 2023.01.02-351.1 Eidfjord kommune - Høyring, forslag til parkeringsforskrift og adferdsreglar for Tinnhøvlvegen, Eidfjord kommune
- 2023.06.02-612.1. Eidfjord fjellstyre - Vedr Statens natuoppsyn (SNO) sin instruks i samband med RV7, E134 og villrein
- 2023.02.10-012.1. Øvre Numedal fjellstyre - Møtebok Øvre Numedal fjellstyre, møte 07.02.2023
- 2023.02.13-612.9. Miljødirektoratet - Beslutning om merking av villrein i Nordfjella og Raudafjell villreinområde
- 2023.02.13-612.9. Miljødirektoratet - Håndtering av skrantesjuka, oppfordring til høgt prøveuttak (cwd)
- 2023.02.13-612.9. Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet - Initiativ for å begrense ferdsel på nordvestvidda under kalving og oppvekst.
- 2023.02.13-612.9. Hardangervidda villreinutval - Kunnskap om eventuell forekomst av cwd i andre villreiområder.

Saksutgreiing:

Orientering på møtet om aktivitet sidan sist styremøte i fjellstyret og fram i dags dato.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Sekretær gjekk gjennom meldingane, og orienterte om saker og aktivitetar sidan sist møte 02.12.22.

Vedtak (sak 01/23):

Fjellstyret tok gjennomgangen til orientering.

02/23: Årsmelding 2022

Saksdokument:

- 02-22 Årsmelding 2022

Saksutgreiing:

Gjennomgang av Årsmelding for 2022. Denne vart sendt ut til styremedlemmene den 3. februar med moglegheit for å gje kommentarar.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Sekretær gjekk gjennom Årsmelding for 2022.

Vedtak (sak 02/23):

Fjellstyret tok gjennomgangen til orientering.

03/23: Rekneskap 2022

Saksdokument:

- 03-22 Kontospesifikasjon 2022
- 03-22 Resultat 2022

Saksutgreiing:

Rekneskap er klart frå rekneskapsfører, men er ikkje godkjent frå revisor. Styret må eventuelt godkjenne rekneskapen under føresetnad om godkjenning frå revisor.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Sekretær gjekk gjennom Ulvik fjellstyre sin rekneskap for 2022, herunder gjennomgang av kontospesifikasjon og resultat for 2022.

Vedtak (sak 03/23):

Styret godkjente rekneskapen under føresetnad om godkjenning frå revisor.

04/23: Budsjett 2023

Saksdokument:

- 05-22 Budsjett 2023

Saksutgreiing:

Framlegg til budsjett er laga med utgangspunkt i normal drift. Det er lagt inn utgifter til utsetting av yngel, ny vedovn i Dyrahola og auka timeantal for fjelloppsynet i samband med bygging av nytt naust ved Kvilinganutvatnet og ny utedo i Dyrahola.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Sekretær gjekk gjennom budsjett for 2023. Styret har ambisjonar om noko auka hytteutleige. Styret avventar med vedtak om eventuelt gjennomføring av småviltjakt i 2023. Ein ynskjer å fylgje med på utviklinga i fjellet gjennom vår og forsommar før ein avgjer om det er forsvarleg å gjennomføre jakt. Særskilt gjeld dette bestand av fjellrype. Vedtaket kan få innverknad på inntekter frå sal av jaktkort på småvilt.

Vedtak (sak 04/23):

Styret godkjente budsjett for 2023.

05/23: Utsett av fisk i Ulvik statsallmenning

Saksdokument:

-

Saksutgreiing:

Ulvik fjellstyre ynskjer også i 2023 å setje ut fisk (aureyngel) i Ulvik statsallmenning. Det vert gjort i løpet av sommarsesongen. Ulvik fjellstyre har god historikk mange år tilbake i tid på kva vatn og antal fisk som er sett ut. Det er viktig at det kun vert sett det antalet yngel som kvart vatn kan bere med tanke på mattilgang, særskilt gjennom vinteren.

Ulvik fjellstyre kjøper fisken hjå godkjente settefiskanlegg. Stykkprisen har dei siste åra gått opp. Tiltaket er søknadspliktig til Vestland fylkeskommune/Oslo Viken fylkeskommune.

Forslag til utsett av aureyngel i 2023 er totalt 1400 aureyngel med fylgjande fordeling:

- 500 stk yngel i Sanddalsvatnet (1488moh), nordaust for Finse. Sist gong sett ut 2001, 300 aureyngel. Koordinat: UTM33-Nord6744147.06-Aust92526.86.
- 100 stk aureyngel i tjørn (1481moh) nordvest for Store Finsenut. Koordinat: UTM33-Nord6744131.2-Aust88491.3.
- 800 stk aureyngel i Kvilinganutvatnet, Osafjellet (1139moh). Sist gong sett ut i 2011, 500 stk. Koordinat: UTM33-Nord6745895.1-Aust74110.34.

Ulvik fjellstyre har erfaring med utsett av fisk tidlegare i desse tre vatna. Ein har såleis kunnskap om kva som er riktig antal å setje ut, og at desse vatna har tilstrekkeleg tilgang på mat slik at fisken kan utvikle seg godt.

Framlegg til vedtak:

Ulvik fjellstyre set ut 1400 stk aureyngel sommaren 2023, med fylgjande fordeling:

- 500 stk yngel i Sanddalsvatnet.
- 100 stk yngel i tjørn vest for Store Finsenut.
- 800 stk yngel i Kvilinganutvatnet.

Tiltaket er søknadspliktig.

Referat:

Orientering v/sekretær.

Vedtak (sak 05/23):

Ulvik fjellstyre set ut 1400 stk aureyngel sommaren 2023, med fylgjande fordeling:

- 500 stk yngel i Sanddalsvatnet.
- 100 stk yngel i tjørn vest for Store Finsenut.
- 800 stk yngel i Kvilinganutvatnet.

Sekretær planlegg det vidare arbeidet, herunder søknader.

06/23: Utvida periode for garnfiske i Langavatnet, Ulvik statsallmenning

Saksdokument:

-

Saksutgreiing:

Periode for garnfiske i Ulvik statsallmenning er 01. august til 15. september. I 2022 gjorde fjellstyret vedtak om at periode for garnfiske i Langavatnet skulle forlengast til 30. september. (Jf tidlegare vedtak har Langavatnet oppstart av garnfiske 15. juli). Vedtaket gjaldt berre for 2022. Bakgrunnen for vedtaket var fangsrapportar og tilbakemeldingar frå fiskarar om at fisken var mindre i storleik. Det vart også rapportert om heller dårlege fangstar både i storleik og antal, og då særleg i starten av sesongen. Langavatnet var i 2022 isfritt rundt 20. juli med lav temperatur i vatnet dei fyrste vekene etter isgang. Dette kan vera medverkande årsak til dårlege fangstar i starten. Det vart rapportert om betre fangstar seinare i sesongen, frå midten av august og utover.

Det er vidare grunn til å seie at i løpet av dei siste åra har gjennomsnittstorleiken på fisken samla sett gått ned. Det er vanskeleg å gje ein eintydig konklusjon på kvifor. Langavatnet er stort, og det er vanskeleg å ha oversikt over alle medvirkande faktorar. Likevel kan ein anta at mengda fisk i vatnet totalt sett kan vere for høg og at dette går ut over tilgangen til mat, og dermed dårlegare levekår. Vidare veit ein at det vert fanga villfisk i Langavatnet noko som betyr at fisken gyter sjølv. I alle fall antar ein at dette skjer i gode sommarsesongar. Statkraft set i tillegg ut 1600 yngel i Langavatnet årleg. I 2017 la Statkraft fram ein rapport etter prøvefiske i vatna tilknytta Sima kraftanlegg. Rapporten konkluderte med at Langavatnet er eit fiskerikt vatn, men at gjennomsnittstorleiken på fisken er mindre enn tidlegare. Ein kan altså konkludere med at det er viktig å leggje vekt på å ta ut meir fisk enn før, slik at ein på sikt kan få opp storleik og kvalitet.

I Langavatnet er det lovleg å fiske med inntil 18 omfar garn. (I statsallmenningen elles er begrensinga inntil 16 omfar maskevidde, dvs fisk på ca. 0,5 kg og oppover). Anledningen til å fiske med 18 omfar maskevidde er meint som eit tiltak for kunne ta ut fisk ned til 300-350 gram. I Langavatnet kan det fiskast med inntil 10 garn pr døgn pr kort.

Fjellstyret ynskjer å utvide garnfiske-sesongen med 15 dagar til 30. september. Med lenger fiskesesong ynskjer ein å leggje ein til rette for mogleheita for større fangstar samla sett

gjennom sesongen. For å skape forutsigbarheit i forvaltninga av Langavatnet dei komande åra, ynskjer ein at vedtak om utvida garnfiske gjeld for ein periode på tre år, dvs. for sesongen 2023, 2024 og 2025.

Framlegg til vedtak:

Ulvik fjellstyre vedtek at periode for garnfiske i Langavatnet, Ulvik statsallmenning vert sett til 15. juli til 30. september. Vedtaket gjeld for åra 2023, 2024 og 2025.

Dei øvrige fiskereglane for Langavatnet er uendra og gjeld for overnevnte periode:

- Det kan fiskast med garn inntil 18 omfar maskevidde.
- Det kan fiskast med inntil 10 garn pr døgn pr kort.

Referat:

Fjellstyret har tidlegare gjort vedtak oppstart av garnfiske i Langavatnet frå 15. juli. Vidare ynskjer fjellstyret at det kan fiskast med inntil 15 garn pr kort pr døgn i Langavatnet (tidlegare inntil 10 garn).

Vedtak (sak 06/23):

Ulvik fjellstyre vedtok at periode for garnfiske i Langavatnet, Ulvik statsallmenning vert frå 15. juli til 30. september. Det kan fiskast med inntil 15 garn pr døgn pr. kort. Det kan fiskast med garn inntil 18 omfar maskevidde. Vedtaket gjeld for åra 2023, 2024 og 2025.

07/23: Garnfiskekort i Langavatnet, utanbygdsbuande, Ulvik SA

Saksdokument:

-

Saksutgreiing:

I 2022 vedtok fjellstyret å leggja ut 8 garnkort for sal for utanbygdsbuande. Kortet gjaldt kun for garnfiske i Langavatnet. Kortet kosta kr. 500,- og fisketida var 1. august til 15. september (lik som for innanbygdsbuande). Dette var ei prøveordning gjeldande for 2022 og tilbodet skulle evaluerast i etterkant. Kortet låg ute for sal på inatur. Av dei 8 korta som var for sal, vart det seld 2 garnkort. Sjølv om kortsalet var lite, er det verdt å påpeike at fiskesesongen i 2022 ikkje var i gang før rundt 20. juli og vara fram til byrjinga av oktober.

Fjellova opnar for at ein kan gje løyve til fiske med garn for utanbygdsbuande «når det kan skje utan at det går ut over fiskerettshavarane (...)». Fjellstyret må vurdere om omfanget av ordninga kan føre til ein nemneverdig negativ påverknad på fisket til innanbygdsbuande, og om ordninga kan føre til at det blir fiska for mykje. Moment å vurdere i denne samanhengen

er storleiken på vatnet og omfanget av garnfiske i vatnet i dag (sjansen for å ta fiskestadane frå innanbygdsbuande), og om ressursgrunnlaget tilseier at det med fordel kan fiskast meir i vatnet for å oppretthalde kvaliteten på fisken.

Eit eventuelt vedtak blir etter fjellova § 28 3. ledd. Dette vedtaket skal heradet uttale seg til, og vedtaket blir gjeldande fyrst når det er gjort.

Det vanskeleg å konkludere om tiltaket har fungert etter hensikta med erfaring berre frå ein fiskesesong. Derfor vert det riktig at ordninga vert vidareført og då med same antal kort til same pris som i 2022. Med henvising til sak 6/23 vert dette tiltaket eit bidrag for å leggje til rette for auka fiske Langavatnet. Fisketida vert naturleg nok den same som for garnkort for innanbygdsbuande, 1. august til 30. september. Fiskereglar for øvrig er dei same.

Framlegg til vedtak:

Ordninga med garnfiskekort for utanbygdsbuande i Langavatnet vert vidareført for sesongen 2023. Det vert lagt ut 8 garnkort for sal på inatur, kr 500,- pr kort. Fisketida er 1. august – 30. september. Fiskereglar for øvrig er dei same som for garnkort for innanbygdsbuande.

Vedtaket vert gjort etter fjellova § 28 3. ledd. Dette vedtaket skal heradet uttale seg til, og vedtaket blir gjeldande fyrst når det er gjort.

Referat:

Sekretær orienterte om saka.

Vedtak (sak 07/23):

Fjellstyret vedtok at ordninga med garnfiskekort for utanbygdsbuande i Langavatnet vert vidareført for sesongen 2023. Det vert lagt ut 8 stk garnkort for sal på inatur, kr 500,- pr kort. Fisketida er 15. juli – 30. september. Det kan fiskast med inntil 15 garn pr døgn pr. kort. Det kan fiskast med garn inntil 18 omfar maskevidde.

Vedtaket gjeld for sesongen 2023. Fjellstyret ynskjer å evaluera ordninga etter sesongen.

Vedtaket vert gjort etter fjellova § 28 3. ledd. Dette vedtaket skal heradet uttale seg til, og vedtaket blir gjeldande fyrst når det er gjort.

08/23: Villmarksleir 2023

Saksdokument:

-

Saksutgreiing:

Ulvik fjellstyre la i samband med styremøte den 07.06.2022 fram forslag om å arrangere villmarksleir for barn og ungdom. Dette har vore gjort tidlegare. Deltakinga har vore god og tilbakemeldingane har vore positive. Tiltaket er meint for barn og ungdom, og skal fremje interessa for fjell og friluftsliv, for jakt og fiske. Ein tenkjer å arrangere leiren gjennom ei helg (laurdag og sundag) i fyrste halvdel av juni månad. Pr no er ikkje stad bestemt.

Forslaget vart vedteke på styremøte for Fjellstyra på Hardangervidda AS den 25.11.2022. Det vart gjort vedtak om å arrangere villmarksleir i 2023 i eit samarbeid mellom Ulvik fjellstyre og Eidfjord fjellstyre. Ulvik fjellstyre fekk hovedansvaret for den vidare planlegginga.

Fjellstyret bør allereie no byrja planlegginga, både for sin eigen del og saman med Eidfjord fjellstyre. Det bør setjast ned ei planleggings-gruppe samansett av representantar frå Ulvik fjellstyre og Eidfjord fjellstyre. Stad må avklarast, antal og type aktivitetar bestemmast, behov for materiell, og behov vaksne personar i samband med gjennomføringa for å ivareta arbeidsoppgåver og tryggleik.

Det er søkt om midlar for tiltaket gjennom Norges fjellstyresamband (NFS si utlysing av friluftsmidlar for 2023).

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Sekretær orienterte om saka. Fjellstyret ser at planlegging og gjennomføring krev ein god del ressurar for å ivareta ei trygg og god gjennomføring. Målsetjinga er at deltakarane skal sitje att med ei god og minnerik oppleving. Fjellstyret kan ikkje sjå at ein har dei naudsynte ledige ressursarane for å ivareta ei god og forsvarleg gjennomføring. Ei samla vurdering på dette tilseier at fjellstyret ynskjer å utsetje gjennomføringa av villmarksleiren til 2024.

Vedtak (sak 08/23):

Ulvik fjellstyre ber om at gjennomføringa av villmarksleir vert utsett til 2024. Sekretær varslar eksterne samarbeidspartnarar.

09/23: Aktivitetsplan 2023

Saksdokument:

- Aktivitetsplan for 2023.

Saksutgreiing:

Aktivitetsplan for 2023 vart lagt fram.

Planane frå fjelloppsynet si side er å drive normalt tilsyn med hyttene vinterstid og gjennom sommarsesongen. Det vert lagt vekt på ekstra tilsyn med Finsebu då denne er hyppig utleigd.

Arbeid med nytt naust ved Kvilinganutvatnet og ny utedo i Dyrahola er lagt inn i planen.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Sekretær gjekk gjennom Aktivitetsplan for 2023.

Vedtak (sak 09/23):

Fjellstyret tok gjennomgangen til orientering.

10/23: Eventuelt

Referat:

Det vart fremja fylgjande saker:

1. Hytteutleige gjennom sommarsesongen. (S. Y. Røkenes)

Ulvik fjellstyre har dei siste åra hatt ei ordning med at hyttene Dyrahola, Søre Grøndalsbu og Ripsebu ikkje har lagt for utleige på Inatur i perioden 15. juli – 30. september. Fjellstyret ser at det er potensiale for meir utleige av desse tre hyttene i denne perioden. Fjellstyret opprettheld overnevnte sperreperiode, men vil fremover vere meir aktiv i si marknadsføring av desse hyttene gjennom sine nettsider for å fremje auka utleige, både gjennom sommar og i samband med jakt.

2. Småviltjakt 2023. (S. Y. Røkenes)

Saka vart drøfta. Ulvik fjellstyre gjennomførte fredingsvedtak 14 dagar ut i jakta i 2022. Dette grunna lav bestand av fjellrype. Fjellstyret må ta stilling til jakt eller freding i 2023. Det er vanskeleg å gjere ei god vurdering på dette pr. no (i februar månad) då ein veit lite om korleis sesongen vert med værtilhøve og tilhøve for klekking hjå fjellrypa. Fjellstyret ynskjer derfor å gjere ei endeleg vurdering fram mot sommaren. Dette betyr at ein vil fylgja med på utviklinga av rypebestanden gjennom vår og forsommar for å skape eit betre kunnskapsgrunnlag. **Ulvik fjellstyre vil gjere vedtak om småviltjakt evt. fredning innan 15. juli 2023.** Dersom det vert jakt, legg ein ikkje opp til søknad gjennom Inatur. Vurdering på antal kort som eventuelt skal leggjast ut for sal, vert teke samstundes. Fjellstyret vil vektleggja å gje ut god informasjon rundt dette på våre nettsider.

3. Køyreløyve Finse – Lågheller i samband med samjaktavtale villreinjakt, Nordfjella, sone 2. (S. Y. Røkenes)

Saka vart drøfta. Ulvik fjellstyre ynskjer samjaktavtale i samband med villreinjakta på Nordfjella i 2023. Ulvik fjellstyre ynskjer at antal køyreløyve på strekninga Finse – Lågheller vert avgrensa til eit minimum. Ulvik fjellstyre er uroa for at en høg konsentrasjon av jegrar vest for Finse kan skape unødig press på villreinen. Erfaring tilseier at det er 1-2 innanbygdsjegrar kvar år som har køyreløyve på strekninga. Ulvik fjellstyre meiner derfor det er riktig at antal utanbygds køyreløyve vert avgrensa til 2 løyver. Ulvik fjellstyre oppfordrar til mest mogeleg felles transport på strekninga.

4. Plassering av Ulvik fjellstyre sin lavvo. (S. Y. Røkenes)

Ulvik fjellstyre sin lavvo har dei siste åra vore plassert på nordsida av Langavatnet, sør for Rispebu. Bruken har totalt sett vore beskjedne. Fjellstyret ynskjer å sjå på ny plassering for sesongen 2023, nærare bestemt i vika inn mot Åsendalen (sør for Langavatnet). Lavvoen vil då liggja nærare parkeringsplassen på Langavatnet, og vil vera lettare tilgjengeleg med berre ein kort båttur for å nå denne. Fjellopsynet sjekkar egna plassering.